
INTERNT NOTAT

Dok. ref.
20/855-18

Arkivkode:
PlanID-R179, Gnr/bnr-
58/1, Gnr/bnr-58/9,
Gnr/bnr-58/20, Gnr/bnr-
58/63, Gnr/bnr-58/75,
Gnr/bnr-58/125,
PlanNavn-Områdeplan
Hjelmeland sentrum,
PlanType-34

Dato:
11.01.2021

NOTAT FRÅ INFORMASJONSMØTE - TEAMS, 7. JAN 2021

Ope informasjonsmøte om områdeplanen var først planlagt på kommunehuset i desember, men blei då avlyst pga smittevernrestriksjonar. **Møtet blei derfor avvika på TEAMS, 7.jan 2021.** Det var sendt ut invitasjon til møtet til grunneigarar/berørte partar jf liste og eksterne planmyndigheiter. Det blei kunngjort på kommunen si nettside/facebook + avisannonse. Det var eit ope møte for kven som ville; påmelding til møtet via epost til hl@kap.no, som deretter tilsendt Teams-møtet på epost.

Ca 40 personar logga seg inn på møtet.

Møteleiar: Tonje Broch Moe i KAP arkitekter. KAP er kommunen sin konsulent i planarbeidet.

- Tonje Broch Moe ønskja velkommen og orienterte om program og praktiske ting med Teams
- Haldis K Nilsen i Hjelmeland kommune ønskja velkommen og orienterte grovt om planarbeidet
- Svanhild H Gbada i Hjelmeland kommune presenterte bakgrunnen for planarbeidet; vedtak i kommuneplanen som er førande for dette planarbeidet ,litt om kva ein områdeplan faktisk er (reguleringsplan). Ein reguleringsplan blir ein juridisk bindande arealplan bestående av plankart, føresegner og planskildring. Blir bindande for framtidig arealbruk, og planen vil oppheve eldre reguleringsplanar. Litt praktisk om innspel.
- Henrik Lundberg i KAP presenterte planarbeidet så langt me har kome: kort historikk, stadanalyse og skisser for vidare utvikling. Det blei påpeika at ein nå er midt inne i utgreiingsfasen, og ingenting er fastsett enda. Ein jobbar med idear og skisserer muligheiter. Det blir òg nå sett i gong med grunnanalyser og risikovurdering. Grunnboringar vil bli utført i området.

Presentasjonane ligg på nett, og blir sendt til møtedeltakarane. Kan vere vanskeleg å lese presentasjonane utan kommentarar, så viktig å påpeike at ein er i skissefasen, at fleire ting skal utgreiast og ein nå jobbar med konkretiseringa av ideane.

Tema som blei tatt opp av møtedeltakarane:

- behov for utviding av gravplassen; kyrkjeverje sender eige innspel.
 - småbåthamn: tankar og ønskjer om vidarutvikling, gjerne på begge sider av eksisterande molo.
 - viktig å forskjønne langsmed sjøen
 - bør ha utvida gjesteplass for småbåtar, td flytebrygge frå ekst hamn
 - Aktivitetspark idèar: reiler med stor diameter, skatebane, klatrevegg, grillar og trimapparat.
 - Fortetting i bustadfelt: gjennomtenkt utforming; ivareta sjøutsikt og attraktiviteten i ekst tomter.
- Må ha medvitne føresegner ift storleik, høgdar, takkonstruksjon,

-litt om medverknad og korleis involvere barn og unge. Planarbeidet blir presentert på neste møte i Ungdomsrådet

- Ryfylke lokallag av fortidsminneforeningen: «eplehagefortetting»: bustadområdet i sør har ein kulturhistorisk kvalitet som må tas omsyn til ved ev fortetting, vise varsemd. Bra å opne opp forbindelsen mellom Vågen og gamle tettstaden. Nytt bygg v/kommunehuset; kan bidra til å skape eit godt rom, men utforming må ta omsyn til kommunehuset ift arkitektoniske kvalitetetar. Viser elles til innsendt innspel

- Torg v/banken: synspunkt på at det var ein god idè, skaper nye rom. Bra å flytte veggen; opnar seg opp nye moglegheter òg i andre retningar.

- Tilrettelegge for bading òg i dette området som eit supplement til Sande; ein del av strandlinja framstår som privat m/moloar mm. Kan ein opne opp og legge til rette?

Kommunen påpeika til slutt at **innspel må sendast skriftleg**:

postmottak@hjemland.kommune.no - frist i denne runde er 18.januar 2021.

Ta gjerne kontakt :

Henrik Lundberg, KAP, hl@kap.no, 970 23 886

Svanhild Hjorteland Gbada, Hjemland kommune. shg@hjemland.kommune.no , 40439127

Me håpar å ha klar eit planforslag før sommaren. Det blir då behandla politisk i Areal-og forvaltningsutvalet og lagt ut på høyring.

Plan og forvaltning

Svanhild Hjorteland Gbada
rådgjevar arealplan
40439127

Dok.dato	Tittel	Dok. ID
		()